22.3.2021

MELAND KOMMUNE
KOMMUNEINGENIØREN
MOTTATT 05 JULI 1978
Arkiv nr. 51-3

Til Meland bygningsråd
5110 Frekhaug.

Sendar: Mons A. M. Landsvik
5112 Rossland

**SØKNAD OM UTSKILJING ELLER DELING AV TOMT.**

I samsvar med bygningslova § 63 søkjer ein med dette om å få skilja frå ein byggetomt(ar) på:
eigedomen: Landsvik, gnr. 51, bnr. 3.

Tomta skal nyttast til oppsetjing av: (set strek under det som høver)

| | | | |
|---|---|---|---|
| <u>Bustadhus</u> | Hytte | Fabrikk/verkstad | Garasje |
| Forretning/kontor | Naust | Anna bygning e.l. ______ | |

**YMSE OPPLYSNINGAR:**

1) Er det planar for vidare frådeling i same område? ~~Ja~~/Nei.
2) Er frådelinga godkjend av Jordstyret og Fylkeslandbruksstyret? Ja/~~Nei~~.
3) Er avkøyringa til tomta frå riksveg/fylkesveg/Kommuneveg godkjend av Hordaland vegkontor/Meland formannskap? ~~Ja~~/Nei.
Det skal nyttast gardsveg med godkjenning av avkøyring frå kommuneveg
4) Er det noko felles vatn- og kloakkleidningar som tomta kan knytast til? ~~Ja~~/Nei.
(Gje ei nærare skildring dersom svaret er ja): ______
5) Gje nærare opplysningar om korleis ein vil sleppa ut skylle- og spillvatn (Kloakk) frå tomta dersom det vert eige anlegg.
Septiktank med spredning i terrenget
6) Gje nærare opplysningar om korleis ein kan få tilkomst til drikkevatn dersom det vert eige anlegg: Oppskyting av brønn
7) Arealet på tomta som skal delast frå er omlag 900 m².
8) Er det konkrete byggeplanar? Ja/~~Nei~~.
Kva tid reknar ein med at bygging vil ta til? ______ mnd. ______ år.
So snart byggeløyve føreligg.

Stad: Landsvik dato: 1/7-78

Mons M. Landsvik
heimselshavar(søkjar)

Godteke m/merkn.
Sak nr. 247/78
for Meland bygningsråd 8/11-78

N.B. Ein gjer merksam på at skjemaet vert returnert dersom det er mangelfullt utfyllt.

Skjemaet skal sendast inn i 2 eksemplar saman med ei kartskisse (sjå [redacted] neste side) og kartutsnittet i mål 1:5000 (1000) der tomta(ne) er teikna inn.

V = VÅNINGSHUS
B = BRØNN
S = SEPTIKKTANK

Kartskisse i mål 1:2500




Br.nr. 3 Mons M. Landsvik
" 21 Randi Langeland
" 54 Peder Johansen

YMSE OPPLYSNINGAR:

1) På kartskissa skal gjevast opplysningar om vatn og kloakktilhøve, med tilvisning om korleis dette er tenkt løyst. (§§ 65 og 66,2 i bygningslova).

X 2) Vidare skal det på kartskissa gå fram korleis ein har tenkt løyst tilkomst frå offentleg veg og om denne er kommuneveg, fylkesveg eller riksveg. (Bygningslova § 66,1.)

3) Opplysningar om gards- og bruksnummer og eigarar av alle eigedomar som grensar inntil tomta skal gjevast opp på kartskissa.

4) Opplysningar om det er dyrka eller udyrka jord og eventuelt kva grunnen består av, dersom den er udyrka (Jordlova).

5) Kart i mål 1:5000 kan ein få over heile kommunen. Kart i mål 1:1000 skal nyttast der dette finst (Frekhaug, del av Hjåtveit, Langeland, Fossesjøen, Flatøy, deler av Ryland og Vikebø og deler av Flaksand og Hjertås).

Karta kan ein få på kommuneingeniørkontoret, adr. 5110 Frekhaug.

[redacted]




Hordaland
23 FEB. 1978
landbruksselsk.

**MELAND KOMMUNE**
***JORDSTYRET***

Telf. (05) 35 80 91 - 5110 FREKHAUG

MELAND KOMMUNE
KOMMUNEINGENIØREN
MOTTATT 14 APR 1978
Arkiv nr. 51-3

Frekhaug 21 februar 1978

Hordaland Landbruksselskap
Postboks 292
5001 BERGEN

23 FEB 1978

Søknad frå Mons M. Landsvik om frådeling av ein bustadparsell av g.nr. 51. b.nr. 3, Landsvik.

---

Parsellen er ca. 0,9 da og ligg i ein utkant av innmarka og grensar til granneeigedom i Sør og Vest.

X Veg til parsellen vert den same som går til to hytter. Arealet er grunnlendt med fjell i dagen fleire stadar, ca. halve arealet kan reknast som tidlegare overflatedyrka jord.

Bruket har ca. 25 da innmark, ca. 20 da av innmarka kan reknast som jordbruksareal og det meste er grunnlendt overflatedyrka jord.

Bruket har to utmarksteigar. Etter eigaren sine opplysningar ca. 120 da og ca. 60 da.

Jordstyreformann og heradsagronomen har vore på synfaring og vil tilrå frådelinga.

For Meland Jordstyre

Sigmund Austegard
Sigmund Austegard
heradsagronom

**Fylkeslandbruksstyret i Hordaland har gjeve samtykke til frådelinga**
**Bergen,** 3/4 1978
Olaf Q...aland

UTSKRIFT AV MØTEBOKA FOR MELAND BYGNINGSRÅD, 8.11.1978.

Sak nr. 234/78.

Søknad om frådeling av parsell til bustadtomt på Landsvik, gnr. 51 bnr. 3, frå Mons M. Landsvik, 5112 Rossland.

---

Vegtilkomsten skal ordnast over hovudbruket via privat felleveg. Vassforsyninga ved opparbeiding av ny brønn, og kloakkering ved septiktank, kunstige sandfiltergrøfter og utslepp til tidlegare opparbeidd drensgrøft.
Ovanfor den planlagte brønnen er det oppført 3 hytter.

Frådelinga er godkjendt av jordstyret og fylkeslandbruksstyret.

Samr. vedtak:

"Bygningsrådet godkjenner frådeling av den omsøkte parsellen til bustadtomt. Men ein gjer merksam på fylgjande:

1. Brønnen må gje nok og hygienisk betryggjande drikkevatn (bygn.l. § 65), og det må framleggjast analysebevis for vassprøve.
2. Ved innsending av byggemelding for bustadhus, må det framleggjast detaljerte planar for kloakkutslepp.
3. Det må ikkje påbyrjast byggearbeid på parsellen før det ligg føre endeleg byggetillatelse frå bygningsrådet."

Rett utskrift.
MELAND BYGNINGSRÅD, 8.11.78.
for Meland bygningsråd

R. Bjørndal
Roald Bjørndal